



Medisinbyte i apotek er trygt

Ofte finst det fleire medisinar som inneheld same verkestoff. Apoteket tilbyr deg derfor ein medisin med eit anna namn enn det legen har skrive på resepten, dersom det finst eit rimelegare alternativ.

Apoteket kan berre føreslå eit slikt byte når Statens legemiddelverk garanterer at medisinane har same medisinske verknad og er like gode.

Sjølv om apoteket gir deg ein medisin med eit anna namn, får du alltid den behandlinga legen har bestemt.

Råd til deg som bruker mange medisinar:

- Sjekk om ein ny medisin skal erstatte ein medisin du har brukt tidlegare – eller om den skal brukast i tillegg.
- Notér deg gjerne namnet på verkestoffet i medisinen.
- Har du opplevd problem med byte av medisin, bør du ta dette opp med legen.

Les meir på

www.legemiddelverket.no/medisinbyte

Helsing Statens legemiddelverk